

Meld. St. 22

(2013–2014)

Melding til Stortinget

Noregs deltaking i den 68. ordinære
generalforsamlinga i Dei sameinte
nasjonane (FN) og vidareførte sesjonar
av den 67. generalforsamlinga i FN



Innhold

1	Vurderande samandrag	5	4	Tryggingsrådet	20
2	Generalforsamlinga	7	5	Styrking av FN, reform og aktørar	22
2.1	Generaldebatten	7			
2.2	Høgnivåmøte	8			
2.3	Saker som har gått direkte i plenum	14		Vedlegg	
3	Dei faste komitéane i generalforsamlinga	15	2	Noregs prioriteringar til FNs 68. generalforsamling	24
3.1	Generalforsamlingas 1. komité (internasjonal fred og tryggleik) ..	15	3	Noregs hovudinnlegg i generaldebatten under FNs 68. generalforsamling	28
3.2	Generalforsamlingas 2. komité (økonomiske og sosiale spørsmål)	16	4	Oversikt over norske innlegg, FNs 68. generalforsamling	30
3.3	Generalforsamlingas 3. komité (menneskerettar, humanitære og sosiale spørsmål)	16	5	Programbudsjettet 2014–2015	32
3.4	Generalforsamlingas 4. komité (særskilte politiske spørsmål)	17		FN sine medlemsland og bidragsskalaen	33
3.5	Generalforsamlingas 5. komité (budsjettspørsmål)	18		FN-systemet	39
3.6	Generalforsamlingas 6. komité (rettslege spørsmål)	19	7	Forkortinger	40

Meld. St. 22

(2013–2014)

Melding til Stortinget

Noregs deltaking i den 68. ordinære generalforsamlinga i Dei sameinte nasjonane (FN) og vidareførte sesjonar av den 67. generalforsamlinga i FN

Tilråding frå Utanriksdepartementet 23. mai 2014,

godkjend i statsråd same dagen.

(Regjeringa Solberg)

1 Vurderande samandrag

Den innleieande generaldebatten under den 68. generalforsamlinga i FN vart halden i ein konstruktiv tone. Signal om ei politisk forhandlingsløysing på det iranske kjernefysiske programmet og sterkt støtte til initiativet frå utanriksminister Kerry for å skape ny dynamikk i fredsprosessen i Midtausten skapte forventningar. Utviklinga i Syria og bruken av kjemiske våpen vart omtalt av mange land, og det var spesielt oppmuntrande at Tryggingsrådet gjorde eit historisk og samrøystes vedtak om å øydelegge dei kjemiske våpna i Syria innan 30. juni 2014. Vedtaket bidrog sterkt til å få kalla saman til den andre Genève-konferansen om Syria. Generaldebatten stadfesta at medlemslanda har forplikta seg til å nå FNs tusenårsmål og til å utforme ein truverdig utviklingsdagsorden for perioden etter 2015.

Generaldebatten stadfesta òg kor mangfaldige haldningane blant medlemslanda er i sentrale glo-

bale spørsmål, og dette prega det påfølgjande arbeidet i dei ulike komitéane. Dette førte til at den regulære haustsesjonen først kunne avsluttast på overtid 27. desember (2013), særleg som følgje av djup usemjø i 5. komité (som behandler budsjettmessige og administrative spørsmål) om både storleiken på det regulære FN-budsjettet for perioden 2014–2015, administrative reformer, forsøket på å styrke evna i FN-sekretariatet til å støtte FNs politiske sendelag (Special Political Missions) og spørsmålet om det skal opprettast ei eining for partnarskap med privat sektor.

Arbeidet i komitéane viste stor avstand på sentrale område som menneskerettar, resolusjonen om kvinnelege MR-forsvararar, likestilling og kvinnerettar, seksuelle og reproduktive rettar, humanitære spørsmål, utviklingsdagsordenen etter 2015, finansiering for utvikling, oppfølging av Rio-konferansen for berekraftig utvikling, Midt-

austen, kjernefysisk nedrusting og ikkje-spreiing og folkerettslege spørsmål.

Norske og likesinna posisjonar vart ikkje berre utfordra av tradisjonelle motpartar som Iran, Syria, Cuba, Venezuela, Russland, Kina og Vatikanet, men òg av meir moderate land som Indonesia, Singapore, Sør-Afrika og andre land i Afrika-gruppa. Singapore spelte ei sentral rolle når det gjaldt både menneskerettar og FN-budsjettet og administrative spørsmål. Brasil heldt høg profil både i 5. komité, i forhandlingane om global helse og utanrikspolitikk og i diskusjonane om utviklingsdagsordenen etter 2015. Det vanskelege forholdet mellom afrikanske land og Den internasjonale straffedomstolen (ICC) prega òg biletet.

Trass i utfordringane vart svært mange resolusjonar framleis vedtekne samrøystes. Noreg fekk godt gjennomslag for sine politiske prioriteringar og løste mellom anna gjennom politisk følsame resolusjonar på menneskerettsområdet til konsensusvedtak. Norge spelte òg ei sentral rolle i å utforme innrettinga på det nye høgnivåforumet for berekraftig utvikling og var med på å samle brei og tverregional oppslutning til den internasjonale avtalen om våpenhandel.

I Tryggingsrådet vart arbeidet dominert av situasjonen i Syria. Då tryggingsrådsresolusjon 2118 vart vedteken, bana dette veg for etableringa av fellesoperasjonen med Organisasjonen for forbod mot kjemiske våpen (OPCW) for destruksjon av dei kjemiske våpna i Syria, men det var òg eit viktig bidrag til den politiske prosessen. Avstanden mellom USA og Russland i Syria-spørsmålet er stor, og humanitær tilgang i Syria har vist seg å vere vanskelig. Det var difor positivt at Tryggingsrådet makta å samle seg om ei presidentfråsegn om den humanitære situasjonen i Syria, som i sin tur la grunnlaget for vedtakinga av den viktige resolusjonen 2139 fire månader seinare. Den alarmerande utviklinga i Den sentral-afrikanske republikken og krisen i Sør-Sudan har elles prega arbeidet i Rådet. Medlemene av Tryggingsrådet har i dei to landsituasjonane vist vilje til å trekke i same retning og gjere vedtak for å avhjelpe den dramatiske situasjonen på bakken. For første gong i historia valde ein nyvald medlem av Tryggingsrådet, Saudi-Arabia, å seie frå seg setet. Jordan kom dermed inn som ny medlem. Litauen er

ny medlem frå austgruppa og legg opp til å trekke vekslar på nordisk-baltisk samarbeid.

Nok ein gong har det vist seg at grunnleggjande reform av FN ikkje kan gjerast i ei handvending, men det vart likevel teke enkelte viktige avgjerder. Det var svært positivt at høgnivåforumet for berekraftig utvikling (HLPF) vart oppretta og tek over etter den no nedlagde kommisjonen for berekraftig utvikling (CSD). Dette gjev håp om ei sterkare politisk forankring av innsatsen FN gjer på området berekraftig utvikling.

Viktige initiativ som vil gje Generalsekretæren auka handlingsrom i forvaltninga av apparatet, er foreløpig utsette, men det var oppløftande at den viktige mobilitetsreforma til slutt vart vedteken i første halvår av 2014. Det vil likevel bli meir krevjande å få gjort nødvendige vedtak som vil gje Generalsekretæren høve til å støtte FNs politiske sendelag på ein meir effektiv måte. Forslaget om å opprette ei ny eining for å styrke partnarskapen med privat sektor er òg utsett etter vanskelege forhandlingar.

Vidare er det behov for ein gjennomgang av måten Generalforsamlinga arbeider på, spesielt dei seks faste komitéane. Mange medlemsland har sterke og til dels fastlåste posisjonar omkring reform av Generalforsamlinga. Likevel synes det å rå vilje i arbeidsgruppa om revitalisering av Generalforsamlinga til å behandle dei meir utfordrande spørsmåla. Posisjonane i spørsmålet om utviding av Tryggingsrådet er endå meir fastlåste, og debattane i den 68. sesjonen av Generalforsamlinga stadfestar dette. Norge har difor, saman med ei tverregional gruppe av land (ACT), profilert seg for å gjere Tryggingsrådet meir ope og pålitelig. Det er positivt at dette initiativet har fått ei god mottaking.

Ei sentral utfordring for komande år vil vere utforminga av FNs utviklingsdagsorden for perioden etter 2015. Noreg har ei viktig rolle i FN som støttespelar for dei fattige i verda. Leiarrolla vi har spelt i arbeidet med finansiering for utvikling, er eit eksempel på det. Samtidig vil Noreg ha ei sterk stemme i saker som gjeld menneskerettar, demokrati og godt styresett. Noreg vil halde fram med systematisk å byggje alliansar på tvers av regionale grupper for å oppnå konsensus på tvers av regionale skiljelinjer.

2 Generalforsamlinga

2.1 Generaldebatten

Generaldebatten under 68. sesjon vart mindre konfronterande enn det vi har sett dei siste åra. Hovudsakene var FNs utviklingsdagsorden etter 2015, innsats for å nå tusenårsmåla, håp om ny framdrift i fredsprosessen i Midtausten, sterkt fordomming av bruk av kjemiske våpen i Syria og håp om ny framgang i arbeidet med å få ei gjensidig og akseptabel forhandlingsløysing om kjernefysiske aktivitetar i Iran. På det siste punktet uttrykte både president Obama og Irans nye president Rouhani vilje til forhandlingar. Ingen forlét salen denne gongen då den iranske presidenten talte, men Israels statsminister Netanyahu ordla seg nok ein gong kraftfullt då han åtvvara mot dei kjernefysiske ambisjonane til Iran.

Fredsprosessen i Midtausten stod naturleg nok sentralt i innlegga til både president Abbas og statsminister Netanyahu, og begge uttrykte vilje til forhandlingar. Abbas åtvvara likevel om at tida var i ferd med å renne ut, medan Netanyahu tvilte på om den palestinske leiinga var klar til å inngå dei nødvendige kompromissa. Andre medlemsland støtta gjennomgåande sterkt opp om initiativet frå den amerikanske utanriksministeren Kerry om å få i gong fredsprosessen og få lagt grunnlaget for ei varig tostatsløysing. Utviklinga i Syria gjekk att i svært mange innlegg og då særleg fordomming av all bruk av kjemiske våpen. Likevel kom det nok ein gong fram ulike syn på skuldspørsmålet og ikkje minst på korleis krisa i landet kunne løysast, der særleg Russland kom med ei tydeleg åtvaring mot utanlandske militær innblanding.

Som venta kom så å seie alle land inn på FNs tusenårsmål for utvikling, utarbeidning av ein ny utviklingsdagsorden etter 2015 og oppfølginga av Rio-konferansen om berekraftig utvikling. Debatten viste at det er ulike tilnærmingar til korleis den nye utviklingsdagsordenen skal utformast. Det var brei semje om at kampen mot fattigdom skal stå sentralt, men ikkje alle land i sør delte vestlege prioriteringar som godt styresett, menneskerettar, fredsbygging og likestilling. Nokre, og då meir velståande utviklingsland slik som Sør-

Afrika, åtvara mot å stille krav om at dei skal bli pålagde forpliktingar som gjevarland. Fleire utviklingsland hadde føretrekt ein meir tradisjonell utviklingsdagsorden, men det var likevel oppføltande at det ikkje kom til nokon skarp konfrontasjon rundt desse spørsmåla under generaldebatten. Som venta trekte fleire mindre øystatar fram kampen mot klimaendringar. Debatten viste likevel at det ikkje vil bli enkelt å kome fram til ein global utviklingsdagsorden som alle kan samle seg om.

Denne utfordringa kom òg til kjenne under høgnivådialogen om finansiering for utvikling. Det var positivt at fleire land omtalte mobilisering av nasjonale ressursar og skattlegging, kampen mot ulovleg kapitalflyt og korruption, men nok ein gang la utviklingsland vekt på at landa i nord ikkje følgjer opp pliktene sine som gjevarland.

Regionalisering vart omtalt av mange land og var òg eit sentralt punkt i det norske hovudinnlegget. Frå norsk side vart det understreka at meir dynamiske regionale samarbeidsorganisasjonar ikkje utgjer nokon trussel mot FN, men snarare hjelper verdsorganisasjonen å utføre mandatet sitt. Mange kom inn på løfterike utviklingstrekk i Afrika, både for å løyse mange års fastlåste konfliktar og for å skape ny økonomisk vekst i denne verdsdelen. Fleire afrikanske land hylla AU (som runda 50 år i 2013) og den afrikanske renessansen. Med ei gruppe austafrikanske land i spissen fremja Afrika-gruppa innvendingar mot straffesakene i ICC mot sitjande statsleiarar i Kenya og Sudan. ICC vart skulda for å ha ein pro-vestleg, politisk agenda. ICC-skepsisen hjå enkelte afrikanske land kom òg klart fram i Tryggingsrådet seinare på hausten. Kampen mot vald, ekstremisme og terrorisme var ein gjengangar i fleire innlegg. Den som nok sette dette tydelegast på dagsordenen, var den malaysiske statsministeren, som oppmoda til ei global rørsle av moderate krefter. Kampen mot terrorisme og ekstremisme var òg ein raud tråd i Irans innlegg.

Presidenten for den 68. sesjonen i generalforsamlinga, ambassadør John Ashe (Antigua og Barbuda) avslutta debatten med å understreke kor viktig det er å styrke innsatsen for å nå FNs

tusenårsmål for utvikling. Vidare er det viktig å formulere nye utviklingsmål for perioden etter 2015, der klimaspørsmålet vil stå sentralt. Han la vekt på samanhengen mellom fred og utvikling og oppmoda medlemslanda til å kome fram til gode kompromissløysingar. Arbeidet i dei seks faste komitéane skulle likevel vise at slike kompromissløysingar ofte satt langt inne.

2.2 Høgnivåmøte

I samband med generaldebatten vart det på den 68. generalforsamlinga som vanleg halde ei rekke høgnivåmøte og arrangement. Nokre av desse var fastlagde av tidlegare sesjonar av generalforsamlinga, medan andre kom til etter initiativ frå Generalsekretären eller medlemsland. Dei tre mellomstatlege fastlagde møta dreidde seg om ein *høgnivådialog om migrasjon og utvikling, høgnivåmøtet om personar med nedsett funksjonsevne* og *høgnivåmøtet om kjernefysisk nedrusting*. Både høgnivådialogen om migrasjon og høgnivåmøtet om personar med nedsett funksjonsevne munna ut i erklæringer, som mellom anna framheva kor viktig det er å løfte både migrasjon og rettane til personar med nedsett funksjonsevne inn på dagsordenen etter 2015. Det var ikkje lagt opp til at høgnivåmøtet om kjernefysisk nedrusting skulle produsere eit samstemt slutt dokument, men landa i den alliansefrie rørsla (NAM) la seinare på hausten 2013 fram ein svært omstridd oppfølgingsresolusjon. I tillegg til desse tre mellomstatlege høgnivåmøta vart det nyopprettet høgnivåforumet for berekraftig utvikling (HLPF) innvigd under høgnivåveka. Dette forumet tek over etter den no nedlagde kommisjonen for berekraftig utvikling (CSD). Føremålet er å gje arbeidet med berekraftig utvikling eit politisk løft. Det vart òg gjennomført eit høgnivåmøte om *avtalen om våpenhandel (Arms Trade Treaty/ATT)* som vart vedteken av Generalforsamlinga 2. april 2013. Høgnivåmøtet vart mellom anna nytta til å fremje underteikning av avtalen. Fleire land underteknna.

Generalsekretären kalla inn til enkelte høgnivåmøte om spesifikke tematiske eller regionale/nasjonale situasjonar, der eit avgrensa tal på medlemsland var inviterte til å delta. Naturleg nok var fleire av desse knytte til FN's tusenårsmål og utviklingsdagsordenen etter 2015. Vidare vart det halde møte om enkelte land og regionar, slik som Sahel. Medlemslanda hadde sine eigne arrangement, og Noreg fekk god utteljing for Trygve Lie-symposiet om hatefulle ytringar og det regulære møtet i gjevarlandsgruppa for Palestina (AHLC), i

tillegg til frukostmøtet med GCC-land i samband med AHLC-møtet.

Høgnivåmøtet om personar med nedsett funksjonsevne

Eit viktig siktemål med høgnivåmøtet for rettane til personar med funksjonsnedsettingar var å setje sokjelyset på situasjonen for funksjonshemma i FN's tusenårsmål. Det er over ein milliard menneske i verda med ei funksjonsnedsetting. Mange av dei vert ofte møtte med negative haldningar og stigma. Av desse lever rundt 80 prosent i utviklingsland, og dei er blant dei fattigaste i verda. Dersom vi skal oppfylle FN's tusenårsmål, må funksjonshemma inkluderast. Noreg framheva at alle land har eit ansvar for å sikre at personar med nedsett funksjonsevne vert inkluderte i det nye rammeverket etter 2015. Det vart vist til at Noreg nyleg hadde ratifisert konvensjonen for funksjonshemma, og til kor viktig det er å få på plass eit godt system med indikatorar og statistikk for å følgje med på om konvensjonen blir sett i verk på globalt plan.

Sluttdokumentet forpliktar land til å utarbeide lovar og nasjonale handlingsplanar som fremjar inkludering av personar med funksjonshemming. Medlemslanda har òg forplikta seg til å arbeide spesielt for barn, kvinner og urfolk med funksjonshemming som er utsette for dobbel diskriminering.

Høgnivådialog om migrasjon og utvikling

Føremålet med høgnivådialogen i FN om migrasjon og utvikling var å diskutere korleis internasjonal migrasjon kan bidra til utvikling, både for migranten sjølv og for opphavs- og mottakarlandet. Migrasjon handlar om alt frå flyktningar via arbeidsmigrasjon til intern forflytting i eige land. Den desperate situasjonen mange migrantar står overfor, vart aktualisert ved den tragiske hendinga då over 200 afrikanske båtflyktningar mistalivet utanfor den italienske øya Lampedusa fordi båten som skulle bringe dei frå Libya til Europa, sank. Dette skjedde same morgonen som høgnivådialogen i FN vart opna. Eit viktig spørsmål gjaldt rettar og vern for særleg utsette migrasjonsgrupper, særleg unge migrantar og kvinner. Det vart òg drøfta korleis ein betre kan utnytte synergiane av dei positive bidraga frå migrantar både i opphavsland og i mottakarland. Det er knytt store utfordringar til migrasjon, mellom anna menneskehandel og smugling, i tillegg til fordrivne som konsekvens av klimaendringar. Høgni-

vådialogmøtet vedtok ei erklæring om verdien av å sjå på migrasjon og utvikling i samanheng.

Det norske hovudinnlegget viste til at to tredelar av den norske befolkningsveksten skuldast innvandring, og at innvandrarar utgjer ein viktig del av norske arbeidstakrarar. Vidare vart det understreka kor viktig det er å inkludere koplinga mellom migrasjon og utvikling i FNs utviklingsdagsorden etter 2015.

Høgnivåforum for berekraftig utvikling (HLPF)

Det nyopprettet høgnivåforumet for berekraftig utvikling (HLPF) hadde sitt første møte 24. september 2013. Dette forumet tek over etter den no nedlagde kommisjonen for berekraftig utvikling (CSD). Føremålet er å gje arbeidet med berekraftig utvikling eit politisk løft. Generalsekretær Ban Ki-moon sa at FN planlegg eit klimatoppmøte i 2014. Stats- og regjeringssjeffane frå Brasil og Italia, som leidde konsultasjonane for etableringa av forumet, understreka at berekraftig utvikling og kampen mot fattigdom må gå hand i hand. Leiaren for Verdsbanken og Det internasjonale pengefondet (IMF) viste til fordelane og utfordringane med å sikre grønare økonomisk vekst. Under leiardialogen om globale partnerskap framheva Noreg samanhengen mellom klima- og fattigdomsarbeid, og sa at skogbevaring, karbonprising, skatt og andre tiltak mot CO₂-utslepp, i tillegg til kutt i fossile subsidiar, står sentralt i arbeidet mot global oppvarming.

Høgnivåforum om mødredødstal

Det vart halde eit høgnivåmøte om det femte tusenårsmålet: å redusere mødredødstala med to tredelar og sikre reproduktive helsetenester til alle. Generalsekretær Ban Ki-moon tok utgangspunkt i at 99 prosent av dei som dør i barsel, dør i utviklingsland. Dødsfalla skuldast i stor grad at desse kvinnene ikkje har tilgang til tilstrekkelege helsetenester. Kunnskapen om kva som må til, er der, men det er behov for pengar og styrkt innsats. Dette er ein av dei mest lønsame investeringane verda kan gjere.

Leiaren for FNs befolkningsfond (UNFPA), Babatunde Osotimehin, slo fast at mødredødstala har gått ned, men ikkje i tilstrekkeleg grad til å kunne nå tusenårsmål 5. Hovudutfordringa ligg først og fremst i Afrika og Sør-Asia. UNFPA har rekna ut at det trengst tre milliardar amerikanske dollar for å nå tusenårsmål 5 innan 2015. Helseministrane frå Etiopia, Nigeria, India og Malawi snakka om konkrete resultat, samtidig som dei

gjorde greie for hindringane for å kome vidare. Dei har alle klart å redusere mødredødstala med mellom 35 og 70 prosent. I India er tala no lågare enn verdsgjennomsnittet. Tiltak dei har gjennomført, er betre opplæring og auka utsending av helsepersonell, betre tilgang til grunnleggjande helsetenester, fleire kvinner som føder på fødestover, spreiing av preventjonsmiddel og betre forankring av innsatsen i lokalsamfunn. Likevel står det att alvorlege utfordringar som svake helsesystem, manglende ressursar og utilstrekkeleg politisk vilje. I tillegg kjem kulturelle hindringar som motstand mot familieplanlegging, praksis med barnebruder og ikkje minst livsfarleg abortpraksis.

Spesialmøte om tusenårsmåla

Under FN-toppmøtet om tusenårsmåla viste statsminister Stoltenberg til at han sjølv deltok på tusenårsforsamlinga i 2000, og sa han ikkje hadde trudd at verda ville kome så langt i å nå tusenårsmåla som ein kan sjå i dag, ikkje minst på helseområdet. I det norske innlegget vart det teke til orde for eit nytt sett med mål etter 2015 der berekraftig utvikling og kampen mot fattigdom går hand i hand og inkluderer nye mål for kvinnens rettar og klimavennleg energi. Andre talarar, som leiaren for EU-kommisjonen Barroso og USAs utanriksminister Kerry, framheva på same måten som Noreg at fattigdomskamp og bevaring av miljøet på kloden var to sider av same saka. Leiatarar frå utviklingsland la generelt vekt på at fattigdomsutrydding må stå i sentrum for eit nytt målsett. Presidentane frå Uganda og Rwanda la vekt på privat sektor og inntektsvekst som sentralt, Guyana meinte rike land må ta ansvar for å redusere klimagassutslepp, medan Japans statsminister var oppteken av menneskeleg tryggleik, universell helsedekning og katastrofeforebygging.

FNs generalsekretær arrangerte eit eige høgnivåforum om tusenårsmåla, som såg på korleis ein kan nå dei eksisterande utviklingsmåla innan 2015. Toppleiarar frå FN fortalte om kor viktig FN-initiativet for mattriggleik og ernæring, utdanning, energi og mødrehelse har vore for å nå tusenårsmåla, og korleis desse erfaringane kan nyttast vidare i prosessen etter 2015. Statsminister Stoltenberg deltok i eit panel som diskuterte verdien av innovasjon for tusenårsmåla, og forklarte korleis innovasjon hadde stått sentralt i hans engasjement for å redusere barne- og mødredødstala (tusenårsmål 4 og 5). I arbeidet med vaksinealliansen Gavi var det funne fram til ein ny finansieringsmodell som var resultatbasert: Det vart betalt per vaksinerte barn. Dette har vist seg å ha ein

svært positiv effekt på kor mykje helse ein kan få for pengane. Ei rekke paneldeltakarar framheva Internett og mobiltelefoni som sentrale innovasjonar, òg i global helsesamanheng. Både frå norsk side og frå Bill Gates vart det peikt på at tusenårs-måla hadde vore ein suksess fordi dei var målbare, konkrete og spesifikke. Dette burde vidareførast i måla på den nye utviklingsdagsordenen etter 2015.

Eit resultat av innovasjonsarbeidet til FN-kommisjonen for livsviktige medisinar og utstyr for kvinner og barn (CoLSC), leidd av Noregs statsminister og presidenten i Nigeria, var volumgarantiavtalar for prevensjonsimplantat (p-pinnar), som førte til halvering av prisen på produkta. For under ti dollar får kvinner i fattige land no preventsjon som varer i opptil fem år. Dette er eitt tiltak blant fleire som CoLSC tilrår for å få raske resultat innanfor mødre- og barnehelse.

Statsministrane frå Noreg og Pakistan, den danske utviklingsministeren og FNs spesialrådgjevar for berekraftig energi for alle, Kandeh Yumkella, forplikta seg til å arbeide saman for at berekraftig energi for alle skal verte eit utviklingsmål etter 2015. Dei noverande tusenårs-måla inkluderer ikkje energi. Noreg, Danmark og Pakistan leier ei venegruppe i New York i fellesskap for å fremje berekraftig energi for alle. Denne gruppa er samansett av 32 land. Føremålet er å støtte Sustainable Energy for All (Se4All)-initiativet frå generalsekretærén.

Utdanning for alle

I høve eittårsmarkeringa av generalsekretær Bans *Global Education First Initiative* vart det halde eit høgnivåmøte om utdanning. Ei viktig problemstilling var korleis konflikt, marginalisering av folkegrupper og kulturelle faktorar verkar inn på innsatsen for å nå tusenårs-målet om utdanning. Under møtet vart det vist til at utdanning fører til betre helse og auka levealder, økonomisk vekst og likestilling. Sidan initiativet vart oppretta, har det vore framgang, men det trengst auka ressurssar. Den pakistanske skulejenta Malala Yousafzai, som vart skoten i hovudet etter at ho trossa forbodet frå Taliban mot skulegang for jenter, vart trekt fram som eit uredd eksempel på kor viktig – men òg kontroversielt – utdanning for jenter er i mange samfunn. Malala heldt sjølv eit engasjert innlegg om jenter og utdanning.

Noreg la i sitt innlegg vekt på kvalitet i utdanninga, på at jenter må prioriterast, og på at ein ikkje må gløyme at jenter òg treng vidaregåande skulegang for å kome vidare. Tilgang til ungdoms-

skule for jenter er avgjerande for å utsetje ekteskap og barnefødsel. Utdanning bidreg òg til å sikre at kvinner i større grad får høve til å ta sjølvstendige val og kan stå på eigne bein økonomisk.

Høgnivådialog om finansiering for utvikling

Møtet var ei oppfølging av FN-konferansen om finansiering for utvikling i Monterrey (2002) og Doha-konferansen i 2008. Norske prioriteringar som nasjonal ressursmobilisering, skatt, kamp mot ulovleg kapitalflyt og korruption og betre nasjonal kontroll på naturressursforvaltning vart nemnde ved mange høve, også av fleire utviklingsland. Det som i mindre grad vart teke opp, var ressursfordeling internt i land. Mykje av debatten vart retta mot det openberre finansieringsgapet for å nå eksisterande tusenårs-mål og framtidige berekraftige utviklingsmål etter 2015. Som vanleg var det sterkt meiningsutveksling om bistandsoppfølging. Det vart likevel slått fast at det er behov for å tenke nytt rundt makroøkonomiske spørsmål for å få ei meir konstruktiv tilnærming til framtidige finansieringsdebattar. Nasjonal ressursmobilisering og styrking av offentleg-privat samarbeid vil stå sentralt, mellom anna behovet for langsiktige investeringar. Diskusjonen om innovative finansieringskjelder blir stadig meir aktuell – landa i G77-gruppa synest her å vere mindre skeptiske enn tidlegare.

Utanrikspolitikk og global helse

Noreg tok i 2006 initiativ til å opprette eit samarbeid om utanrikspolitikk og global helse. Samarbeidet omfattar Brasil, Frankrike, Indonesia, Senegal, Sør-Afrika, Thailand og Noreg. Dei sju landa gjer ein felles innsats for å setje globale helse-spørsmål høgare på den utanrikspolitiske dagsordenen og for å kople utanrikspolitikk og helse betre saman. Kvart år vert det lagt fram ein resolusjon i FNs generalforsamling om global helse og utanrikspolitikk, og eit sentralt tema i resolusjonen for 2013 var globale partnarskap for helse.

Fleire land, mellom dei Noreg, framheva at gode helseresultat avheng av ei heilskapleg tilnærming med sektorovergripande innsats, til dømes utdanning, klima og ernæring. Global helse på utviklingsdagsordenen etter 2015 vart òg drøfta. Frå norsk side vart universell helsedekning understreka som sentralt på dagsordenen etter 2015. Vidare vart det lagt vekt på at landa sjølve må ta ansvar for tilbodet av grunnleggjande helsetenester til eiga befolkning, medan rolla til det internasjonale samfunnet må vere å støtte opp

om den nasjonale innsatsen. Sjulandsgruppa var samd om å søkje nærmere samarbeid med relevante regionale organisasjonar og fora, sidan desse har ei stadig aukande rolle internasjonalt. Noreg overtok koordineringsansvaret frå nyåret 2014.

Trygve Lie-symposiet

Utanriksminister Espen Barth Eide leidde det sjette årlege Trygve Lie-symposiet om grunnleggande fridomar på International Peace Institute i New York. Temaet for debatten i år var kamp mot hatefulle ytringar. Paneldeltakarane inkluderte Marty Natalegawa (Indonesias utanriksminister), Frank La Rue (FNs spesialrapportør for ytringsfridom), Sarah Wynn-Williams (Head of Global Public Policy, Facebook), Aidan White (direktøren for Ethical Journalism Network) og Caroline Criado-Perez (journalist, bloggar og grunnleggjar av The Women's Room). I tillegg presenterte Victor Mukasa (LGBT-aktivist frå Uganda) og den belgiske statssekretæren Armand Dei Decker innlegg frå salen. Frå fleire talarar vart det lagt vekt på at det må takast effektive steg for å kjempe mot den stadige auken i hatefulle ytringar retta mot kvinner, minoritetar, LGBT-personar og andre grupper i samfunnet. I sosiale medium ser vi ein stadig straum av hatefulle ytringar. For å kjempe mot hatefulle ytringar er det viktig at det vert sett i verk tiltak som er effektive, samtidig som vi vernar om ytringsfriheten. Frå norsk side vart det understreka at kampen mot hatefulle ytringar er eit felles ansvar, og at dette er eit problem som gjeld oss alle. Frank La Rue, FNs spesialrapportør for ytringsfridom, kommenterte vidare: «Statane har ei juridisk plikt til å kjempe mot hatefulle ytringar, men vi, som individ, har eit etisk ansvar for å fremje og verne om andres menneskerettar».

Møte om rettane til lesbiske, homofile, bofile og transseksuelle

Ei rekke land, mellom dei Noreg, deltok saman med høgkommissæren for menneskerettar, USAs utanriksminister John Kerry og andre ministrar på eit historisk ministermøte i FN om kamp mot vald og mot diskriminering av lesbiske, homofile, bofile og transseksuelle personar (LGBT). Utgangspunktet for møtet var behovet for å styrke innsatsen for å fremje og verne om menneskerettane til LGBT-personar. Kvar dag opplever LGBT-personar verda over kriminalisering og diskriminering, i form av både trakassering og valdelege overgrep. I det norske innlegget framheva vi at menneskerettane gjeld for alle, uavhengig av

kjønn, sosial bakgrunn, etnisitet, religion, seksuell orientering eller kjønnsidentitet. Det vart vist til at Noreg nyleg arrangerte ein internasjonal konferanse om menneskerettar, seksuell orientering og kjønnsidentitet i Oslo, og at dette er eit tema som er ein del av Noregs utanrikspolitiske prioriteringar. Deltakarane vart samde om ei sterkt minstereklaering til støtte for LGBT-personar.

I desember, på menneskerettsdagen, stod òg kjernegruppa for eit LGBT-arrangement der sport var temaet. FNs generalsekretær Ban Ki-moon hadde ei tydeleg videohelsing der han tok avstand frå angrep og vald mot lesbiske, homofile, biseksuelle, transpersonar og interseksuelle personar. Han understreka at alle personer er fødde frie og like, og at alle har grunnleggjande menneskerettar, også LGBT-personar. FNs høgkommissær for menneskerettar har sett i gang kampanjen «Free and equal», som har fått mykje positiv merksemd. Men kampanjen har òg vorte eksplisitt kritisert av Russland og Nigeria, som meiner at FN-kommisæren ikkje bør arbeide for denne gruppa av menneske. LGBT-saka har dei siste åra segla opp som eit svært omstridd tema i FN.

Kvinner, fred og tryggleik

FNs fredsbyggingskommisjon og UN Women arrangerte eit høgnivåmøte om fredsbygging. Føremålet med møtet var å rette søkjelyset mot kor viktig det er å styrke den økonomiske stillinga kvinner har, i arbeidet for å skape fred. Høgnivåmøtet vedtok ei erklæring om verdien av å styrke innsatsen på dette området. All erfaring tilseier at sjanske for å skape varig fred aukar der som det lukkast å integrere kvinner i gjenreisningsarbeidet etter ein konflikt. Kvinner er ofte dei mest sårbarane i post-konfliktsituasjonar. Dei har i mindre grad enn menn høve til å finne arbeid og har ofte ikkje eigedomsrett til jorda. Tiltak som gjer det enklare for kvinner å forsørgje seg sjølv og barna, bidreg både til auka økonomisk aktivitet og større stabilitet i post-konfliktsituasjonar.

Noreg deltok vidare på eit arrangement om seksuell vald i konflikt. Storbritannia har teke initiativet til ei erklæring som forpliktar det internasjonale samfunnet til arbeidet mot seksuelle overgrep i konfliktsituasjonar. 113 land har så langt sluttat seg til erklæringa, mellom dei Noreg. Den britiske utanriksministeren William Hague annonserte at Storbritannia, som ei oppfølging av erklæringa, vil ta initiativet til ein global konferanse i London i 2014. Noreg la vekt på at overgripande må straffeforfølgjast, og at stillinga til kvinner må styrkast. Det vart her gjeve fleire eksempel på

korleis vi bidreg til å skape resultat på bakken. Noreg har bidrege til bygging av sjukehus der offer kan få hjelp, vi har støtta mobile «rettslokale» som gjer rettsleg forfølging mogeleg også på landsbygda, og vi har bidrege til relevant opplæring av politifolk.

Det vart vidare halde eit møte om rolla kvinner spelar i politiske overgangssituasjonar i Midtausten og Nord-Afrika. Kvinneaktivistar frå Egypt og Syria fortalte om situasjonen for kvinner i deira respektive land.

Kravet til det internasjonale samfunnet var at tryggingsrådsresolusjon 1325 om kvinner, fred og tryggleik og handlingsplanen knytt til oppfølging av resolusjonen må gjennomførast i heile Midtausten- og Nord-Afrika-regionen. Når det gjaldt Syria spesielt, vart det understreka at kvinnernas rettar og deltagning må sikrast i komande politiske prosesser, slik som ein Genève II-konferanse.

Fredsprosessen i Midtausten

Den norske utanriksministeren leidde gjevarlandsmøtet for Palestina (AHLC) i New York. FNs generalsekretær Ban Ki-moon var vertskap for møtet, og partane var representerte på høgt politisk nivå. Utanriksminister John Kerry orienterte om status i fredssamtalane. Den høge representanten Catherine Ashton (EU), kvarsettrepresentant Tony Blair og ei lang rekke ministrar frå dei andre gjevarlanda gav si støtte til den pågående prosessen.

Møtet uttrykte full støtte til forhandlingane mellom Israel og palestinarane frå det internasjonale samfunnet. 20 år etter at Oslo-avtalen kom på plass, vart det uttrykt håp om endeleg å finne ei varig løysing på konflikten. Palestinsk statsbygging, økonomisk vekst som er driven av privat sektor, og ei politisk løysing på konflikten må sjåast i samanheng. Det vart presentert ei ny stimuleringspakke for privat sektor som skal auke investeringane på Vestbredden og Gaza. For at dette skal lukkast, må Israel bygge ned stengningsregimet og ta skritt for å avvikle okkupasjonen. Palestinske styresmakter vart oppmoda til å vidareføre økonomiske reformer og gjennomføre innstrammingstiltak. Noreg understreka at ein no kan vere inne i ein helt avgjerande fase for framtida til tostatsløysinga, og gjevarane må vere budde på å yte ein ekstra innsats for å støtte opp om den politiske prosessen. Dersom partane ikkje vert samde denne gongen, kan ikkje gjevarane lenger halde fram som før. I samband med AHLC-møtet inviterte utanriksministeren representantar frå GCC-landa til ein frukost for å gje ei tilbake-

melding om AHLC-møtet og kome med ei oppmoding til dei arabiske landa om å støtte prosessen og vidareføre den økonomiske støtta til dei palestinske styresmaktene.

FN og Den arabiske ligaen arrangerte i samanhend med generaldebatten eit høgnivåmøte for vener av UNRWA, der hovudmålsetjinga var å mobilisere ressursar til palestinske flyktningar. I det norske innlegget vart det framheva at gjevarbasen må utvidast, og at UNRWA må halde fram med å tilpasse seg endra rammevilkår, spesielt i lys av konflikten i Syria. Det vart òg peikt på at UNRWA må førebu seg på eit positivt utfall av fredsprosessen mellom Israel og Palestina. Møtet vedtok ei erklæring som oppmoda eksisterande gjevarland om å oppretthalde bidraga sine, arabiske land om å innfri løfta om å bidra med ein vesentleg del til UNRWAs budsjett og nye gjevarland om å bidra meir.

Høgnivåmøte om kjernefysisk nedrusting

Etter initiativ frå den alliansefrie rørsla (NAM) vart det halde eit høgnivåmøte om kjernefysisk nedrusting. NAM presenterte konkrete framlegg om at Nedrustingskonferansen i Genève (CD) snarleg innleier forhandlingar om ein konvensjon som forbyr atomvåpen, at 26. september vert utropt som den internasjonale dagen for avskafing av kjernevåpen, og at det vert kalla inn til eit nytt høgnivåmøte om fem år for å sjå på framdrifta i nedrustningsarbeidet.

Debatten viste brei semje om det overordna målet om ei verd fri for atomvåpen, men ikkje om vegen dit. Medan mange land, og då spesielt dei som høyrer til NAM, tok til orde for snarlege forhandlingar om eit forbod mot atomvåpen, la kjernevåpenstatane vekt på at forholda først må ligge til rette for nye omfattande reduksjonar av dei kjernefysiske arsenala. Noreg og likesinna land understreka kor viktig det er med ein full gjennomgang av handlingsplanen som vart vedteken på tilsynskonferansen for avtalen om ikkje-spreiing av kjernevåpen (NPT) i 2010. Denne handlingsplanen inneholder klare nedrustningsforpliktingar og har ei verd utan atomvåpen som endeleg mål. Dette dokumentet har òg sterke ikkje-spreiingsforpliktingar. Samtidig vart det uttrykt stor frustrasjon over stillstanden i det etablerte mellomstatlege forhandlingsforumet. Fleire land viste til Oslo-konferansen om dei humanitære verknaðene av kjernevåpen som eit konstruktivt skritt når det gjeld haldninga i det internasjonale samfunnet til kjernevåpen. Under generaldebatten vart det òg halde eit ministermøte om prøvestans-

avtalen (CTBT), som no må tre i kraft så snart som mogeleg.

Fred og tryggleik i Afrika

Ein viktig bodskap frå høgnivåmøtet til generalsekretæren om Sahel-regionen var framgangen i Mali, der franske styrkar og FN-operasjonen MINUSMA har klart å redusere nærværet av ekstremistgrupper. Styresmaktene har på nytt fått territorial kontroll i Mali, og det vart gjennomført eit vellukka presidentval, sjølv om valdeltakinga var avgrensa. Samtidig vart det understreka at krisa ikkje var over, men lett kunne flytte seg vidare til nabolanda. Utfordringane i regionen er samansette og omfattar terrorisme, valdelege opprørsgrupper, tverrnasjonal kriminalitet, narkotikkasmugling, korruption, klimaendringar og fattigdom kombinert med svake statlege strukturar.

Då det vart klart kor sårbar Sahel-regionen er, utgjorde dette bakgrunnen for den integrerte FN-strategien med fokus på betre og meir inkluderande styresett, auka kapasitet til å handtere grenseoverskridande tryggleikstruslar og tettare kopling av humanitær bistand og langvarige utviklingsaktivitetar for å byggje opp større motstandsevne. Strategien er godt motteken blant medlemslanda i FN, samtidig som landa i regionen vart oppmoda om å vise kvarandre større tillit og jobbe saman om felles løysingar som kan støttast av det internasjonale samfunnet. Verdien av nasjonal forankring og inkludering av ulike aktørar i det sivile samfunnet vart understreka. FN, AU, den økonomiske fellesskapen for Vest-Afrika (ECOWAS), Verdsbanken og Afrika-banken lova å samarbeide tettare.

Det vart vidare halde eit afrikansk toppmøte om Somalia, som i stor grad vart prega av terrorangrepet på kjøpesenteret i Nairobi i Kenya. Den tragiske hendinga gav fornya vilje til eit sterke engasjement for fred og kamp mot terrorisme i Somalia. Møtet markerte at eit år har gått sidan dei permanente styresmaktene kom på plass i Mogadishu. Somalia er den første sårbarane staten som har inngått ein såkalla New Deal-kontrakt (compact) med det internasjonale samfunnet, der Noreg spelar ei aktiv rolle. Fokuset er på fredsbygging og statsbygging, der målet er at alle grupper i samfunnet skal inkluderas.

Møtet gav eit fornya fokus på gjennomføring av inngåtte avtalar og utbetaling av annonserete bidrag. Det vart sterkt framheva at det trengst ei integrert internasjonal og regional tilnærming, i tillegg til samanhengen mellom fred, tryggleik og

utvikling. Utan ytterlegare finansiering av AU-operasjonen AMISOM ville framgangen stoppe opp, og kampen mot terrorgruppa Al Shabaab ville mislukkast. I tillegg var det behov for å støtte oppbygginga av Somalias eigne tryggingsstyrkar og politi. Det vart vidare halde eit eige møte om utdanningssituasjonen i Somalia.

Verdas første humanitære toppmøte i 2016

Generalsekretær Ban Ki-moon og FNs humanitære koordinator Valerie Amos annonserte på den 68. generalforsamlinga at verdas første humanitære toppmøte skal haldast i Istanbul i 2016. Toppmøtet vil ha nye partnarskap, innovasjon, sårbarheit og risiko som sentrale tema. Generalsekretæren la i sitt innlegg vekt på at prosessen fram mot møtet ville vere like viktig som møtet i seg sjølv. Regionale konsultasjonar, ein inkluderande prosess og bruk av ny teknologi vil stå sentralt. I tillegg vil den internasjonale Røde Kors- / Røde Halvmåne-konferansen og kriseførebyggingskonferansen i 2015 spele inn saman med mellom anna diskusjonen om tusenårsålma, i tillegg til generalsekretærens planlagde klimamøte og resolusjonar som tek opp humanitær assistanse.

Ei rekke land tok ordet i debatten, og mange tilbydde seg å bidra med støtte til førebuingane eller å vere vertskap for regionale konsultasjonar. Frå norsk side vart det lagt vekt på ein inkluderande og konsulterande prosess, og Noreg var det einaste landet som minna om kor viktig det er å ta med eit kjønnsperspektiv.

Under den humanitære veka i FN seinare på hausten vart det halde ein høgnivåkonferanse om FNs naudhjelps fond (CERF), der det vart lova i alt 404,6 millionar amerikanske dollar til CERF. Det er ein auke på 21,2 millionar dollar samanlikna med møtet i 2012 (5,5 % auke). Noreg annonserte eit bidrag på 380 millionar kroner og er den tredje største gjevaren til fondet. Mange gjevarar stadsfesta at CERF er ein viktig reiskap for rask utbetaing til innsats i akutte kriser og til underfinanserte og gløymte kriser. Mali vart ønskt velkommen som ny gjevar til fondet. FN arrangerte òg sitt årlege humanitære symposium. Medlemslanda i FN var for første gong inviterte til å delta på dette møtet, som denne gongen diskuterte korleis det humanitære systemet ville sjå ut i 2025, og samla deltakarar frå næringsliv, tankesmier og organisasjonar frå ei rekke regioner. Diskusjonane dreidde seg i stor grad om innovasjon og nye partnarskap og var ei innleiing av dei konsultasjonane som skal leie opp til det humanitære toppmøtet.

2.3 Saker som har gått direkte i plenum

I tillegg til generaldebatten er det fleire resolusjoner som går direkte i plenum utan at dei er behandla i dei seks faste komitéane. Det har vidare vore fleire tematiske debatter i plenum, og då ofte i samband med behandling av resolusjoner.

Hausten 2013 inneheldt ingen epokegjerande resolusjoner, slik som i 2012 då Generalforsamlinga vedtok å oppgradere statusen til Palestina i FN. Plenumsresolusjonane under den regulære sesjonen i Generalforsamlinga var i stor grad gjengangarar, slik som samarbeidet mellom FN og ulike regionale organisasjonar, IAEA, den olympiske våpenkvila og oppfølging av FNs handlingsprogram for dei minst utvikla landa (MUL). Det næraaste ein kom innovative plenumsresolusjonar, var den iranske resolusjonen om kamp mot ekstremisme, vald og terrorisme. Denne resolusjonen speglar delar av bodskapen frå generaldebatten om å intensivere kampen mot ekstremisme. Etter nokre forhandlingsrundar vart det mogeleg å få vedteke resolusjonen utan votering. Israel gav klart uttrykk for at dei mislikte prosessen. Noreg var tilslutta EUs stemmeforklaring som understreka at kampen mot terrorisme må vere forankra i grunnleggjande menneskerettsprinsipp.

Resolusjonen om global helse og utenrikspolitikk viste seg å vere vanskeleg fordi han omhandla følsame spørsmål som partnarskap med privat sektor og opphavsrettar. Noreg var med i sjulandskrinsen som utarbeidde det første resolusjonsutkastet. Dette var vanskeleg forhandlingar, men det lukkast å kome til eit godt resultat, og resolusjonen vart til slutt vedteken samråystes med over 50 medforslagsstillarar. Det var vidare positivt at Noreg fekk gjennomslag for viktige prioriteringar i havretts- og fiskeriresolusjonane, som fokus på rolla sjømaten speler for sikring av global mattrryggleik, kampen mot ulovleg, ureportert og uregulert fiske (såkalla UUU-fiske), mellom anna utvikling av eit globalt fangstsertifikat, og tiltak mot menneskehandel og tvangsarbeid i fiskerisektoren. Fiskeriresolusjonen vart vedteken ved konsensus, medan det nok ein gong vart votering om havrettsresolusjonen.

Den årlege resolusjonen om Afghanistan vart vedteken utan avstemming, men det måtte nokre rundar til for å få akseptable referansar til menneskerettar.

Forhandlingane om den generelle humanitære resolusjonen var nok ein gong vanskelege med omfattande polarisering mellom vestlege land på den eine sida og Russland og enkelte G77-land på den andre, særleg land som er ramma av konflikt. Dette gjaldt følsame spørsmål, som humanitær tilgang, som vart knytte opp til spørsmålet om nasjonal suverenitet og sanksjonar. På den positive sida vart språket om vern av medisinsk personell, fasilistar og transport styrkt. Det same gjeld tekstane om kvinners deltaking og om vern av sivile. Likevel viste denne eksersisen kor vanskeleg det er å få samla universell oppslutning om grunnleggjande humanitære prinsipp.

Havretts- og fiskeriresolusjonane

Desse to resolusjonane vart også denne gongen behandla direkte i plenum. Det vart som tidlegare halde avstemming over havrettsresolusjonen, der Tyrkia nok ein gong stemte imot, medan fiskeriresolusjonen vart vedteken ved konsensus. Noreg fekk gjennomslag for viktige prioriteringar i begge resolusjonane. I havrettsresolusjonen fekk vi gjennomslag for at temaet for den uformelle konsultative prosessen (ICP) neste år vert «Sjømatens rolle i sikring av global mattrryggleik». Vidare fekk Noreg inn tekst som framhevar arbeidet FNs kriminalitetskommisjon har gjort i kampen mot ulovleg, uregulert og urapportert fiske (UUU-fiske).

I fiskeriresolusjonen fekk Noreg inn ei ny fråsegn som oppmodar statane til å starte arbeidet i FNs matvareorganisasjon (FAO) om utarbeiding av felles retningslinjer og reglar, mellom anna eit globalt fangstsertifikat, og fråsegnar som omtalar studien frå FNs kontor for narkotika og kamp mot kriminalitet (UNODC) om forholdet mellom ulovleg fiske og grenseoverskridande organisert kriminalitet, vart ståande. USA fekk, med god støtte frå Noreg, inn ei ny fråsegn i resolusjonen om arbeidet i Den internasjonale arbeidstakarorganisasjonen (ILO) med menneskehandel og tvangsarbeid i fiskerisektoren.

3 Dei faste komitéane i generalforsamlinga

3.1 Generalforsamlingas 1. komité (internasjonal fred og tryggleik)

Eit viktig bakteppe for sesjonen av 1. komité i år var oppfølginga av høgnivåmøtet om kjernefysisk nedrusting som vart halde 26. september (2013). Sjølv høgnivåmøtet leidde ikkje til noko framforhandla sluttdokument, men landa i Den alliansefrie rørsla (NAM) varsla at dei ville kome tilbake med ein resolusjon seinare på hausten. NAM-resolusjonen vart introdusert i 1. komité og tok til orde for snarleg innleiing av forhandlingar i Nedrustingskonferansen om ein konvensjon som forbyr atomvåpen, for å utrope 26. september til den internasjonale dagen for avskaffing av kjernevåpen, og for å kalle inn til eit nytt høgnivåmøte i 2018 for å sjå på framdrifta i nedrustningsarbeidet. Resolusjonsutkastet var svært omstridt og møtte sterkt motstand blant dei etablerte kjernevåpenstatane og i NATO-krinsen. Eit viktig ankepunkt mot resolusjonen var at han knapt nok omtalte arbeidet med å gjennomføre handlingsplanen for kjernefysisk nedrusting og ikkje-spreiing som vart vedteken på tilsynskonferansen for avtalen om ikkje-spreiing av atomvåpen (NPT) i 2010. Mange meinte vidare at det no var forhasta å innleie forhandlingar om ein kjernevåpenkonvensjon. Resolusjonen vart likevel vedteken, men mange NATO-land og Russland stemte imot. Ei handfull NATO-land (mellan dei Noreg) valde å avstå for å motverke ei sterkt polarisering.

Debatten om kjernevåpen viste brei oppslutting om den humanitære tilnærminga og behovet for å vise fram både direkte og meir langsiktige verknader av ei kjernefysisk sprenging. Dette kom til uttrykk ved eit rekordstort tal på land som var tilslutta dei to innlegga om denne problemstillinga. Av dei fem etablerte kjernevåpenstatane var det først og fremst Russland som tok til motmæle og argumenterte mot det humanitære sporet. Noreg var denne gongen ikkje medforslagsstillar på resolusjonen om den opne arbeidsgruppa i Genève om kjernefysisk nedrusting (OEWG), sidan vi la til grunn at ei slik gruppe skulle vere

ein eingongsaffære. Vi stemte likevel for resolusjonen. Dei andre årlege kjernevåpenresolusjonane vart vedtekne med tradisjonelt stemmemønster. Når det gjaldt spørsmålet om andre masseøydeleggingsvåpen, var det naturleg nok bruken av kjemiske våpen i Syria som fekk mest merksemd. Dette vanskeleggjorde arbeidet med den årlege resolusjonen om kjemivåpenkonvensjonen, som er ein konsensusresolusjon, sidan nettopp Syria, Russland og Iran hadde sterke synspunkt.

Vedtakinga av den internasjonale avtalen om våpenhandel (ATT) prega arbeidet med konvensjonelle våpen i 1. komité. Det var positivt her at ATT-resolusjonen vart vedteken utan nei-stemmer, sjølv om det framleis var fleire enn 20 land som avstod. Resolusjonen om minekonvensjonen samla og brei støtte, men også her heldt dei rundt 20 landa som vanlegvis avstår, fast ved haldninga si. Det var skuffande at den generelle resolusjonen om handvåpen ikkje fekk ein sterkare referanse til ATT og omtale av tryggingsrådsresolusjon 2117 om handvåpen (som vart vedteken under høgnivåveka). Her var det Russland og Iran som heldt att. Det er vidare verd å merkje seg at debatten om konvensjonelle våpen viste auka interesse for å sjå nærmare på dei uønskte verknadene av ubemannata våpensystem, og dette vil kanskje verte eit nytt tema for konvensjonen om inhumane konvensjonelle våpen (CCW). Observatørar frå det sivile samfunnet var opptekne av ubemannata våpensystem i tillegg til ATT, handvåpen og minekonvensjonen.

Sesjonen i år stadfesta nok ein gong at det tradisjonelle mellomstatlege nedrustingsmaskineriet slit i tung motbakke. I tillegg såg vi ei noko skarpare polarisering omkring kjernefysisk nedrusting og ikkje-spreiing. På den positive sida makta Noreg å samle breiare interesse for å arbeide med dei humanitære konsekvensane av kjernevåpen. Ei anna viktig norsk prioritering for sesjonen av 1. komité var å støtte opp om ATT, noko som lukkast godt. Det er likevel nokre medlemsland som framleis prøver å underkjenne denne avtalen sidan han ikkje vart vedteken ved konsensus.

3.2 Generalforsamlingas 2. komité (økonomiske og sosiale spørsmål)

2. komité var i år prega av at det ved innleiinga av den 68. generalforsamlinga berre var vel to år til tusenårsmåla skal vere innfridde, og at førebuingane til ein ny internasjonal utviklingsdagsorden etter 2015 allereie er i startfasen. Mange land gav klar beskjed om kva tema som ville vere viktigast for dei framover. Den vanskelegaste saka på denne generalforsamlinga var spørsmålet om ein ny internasjonal FN-konferanse om finansiering for utvikling som inkluderer alle dei tre berekraftdimensjonane. Utviklingslanda meiner at tradisjonelle gjeverland har svikta dei, og for G77 vil finansiering for utvikling / verkemiddel måtte vere ein eksplisitt del av ein ny utviklingsdagsorden. G77 peikte på at tusenårsmål 8 om partnarskap, inkludert bistand, ikkje har levert som planlagt.

Resolusjonen om berekraftig utvikling (Agenda 21-resolusjonen) vart mindre problematisk enn venta, og det lukkast med å finne ein mellombels veg vidare for teknologidiskusjonen som starta i Rio, utan at G77 fekk støtte til kravet om oppretting av ein ny mekanisme for overføring av teknologi. Kvinner og likestilling vart som på førre generalforsamlinga fremja av Noreg og andre likesinna land, for at så mange resolusjonar som mogeleg skulle ha eit integrert kjønnsperspektiv. Forslaget møtte som vanleg motstand frå Russland og konservative land i G77, men vi kunne også i år registrere framgang. I forhandlingane om kvinner og utvikling såg vi dessverre tilbakegang mellom anna om lik rett til og kontroll over land, bustad og annan eigedom på grunn av sterkt motstand frå G77.

Resolusjonen om partnarskapen mellom FN og privat sektor var vanskeleg, både på grunn av usenje mellom ulike einingar i FN og fordi G77, med Brasil i spissen, er særskjeptiske til utvida partnarskap mellom FN og ikkje-statlege aktørar. Tiåret for berekraftig energi og ansvaret generalsekretæren har for å følgje opp dette, vart omtalt både i Agenda 21-resolusjonen og i resolusjonen om dei minst utvikla landa. Ei stor sak under denne forsamlinga var mogelege budsjettimplikasjonar som følgje av nokre av resolusjonane. Dette gjaldt særleg resolusjonar som handla om komande konferansar, f.eks. om små utviklingsøystatar (SIDS), UN Habitat, førebygging av naturkatastrofar og kystlause statar. USA, EU og Japan ønskjer som kjent å unngå auka kostnadane for FN, medan G77 ikkje anerkjenner eit kostnadstak for FN.

Komitén vedtok òg på sesjonen i år å opprette nye år og dagar: Lysåret 2015, Året for belgfrukter, Internasjonal dag og år for jordsmonn og Verdas villmarksdag. Det vart vedteke å halde eit toppmøte om informasjonsteknologi i 2015. Også i år avslutta komitén på overtid. Hovudårsaka er at komitén kjem seint i gang med resolusjonsforhandlingane, sidan nær sagt alle resolusjonar må forhandlast i G77 først.

Fra norsk side var det også denne gongen lagt opp til klar prioritering av saker, og alt i alt vart norske hovudinteresser varetekne, spesielt når det gjaldt kvinner og likestilling, finansiering, berekraftig energi og vern av både Rio-vedtaka (mellom anna HLPF) og rammeresolusjonen om utviklingsaktivitetane i FN, i tillegg til resolusjonen om førebygging av naturkatastrofar (ISDR). Rolla til privat sektor vert framleis anerkjend, men språket om partnarskap kunne ha vore endå sterke. Noreg heldt fem innlegg: generelt innlegg, kvinner og utvikling, berekraftig utvikling, operasjonelle aktivitetar og finansiering for utvikling.

Dei utviklingspolitiske debattane og forhandlingane i FN vil i 2014 først og fremst omhandle den nye utviklingsdagsordenen etter 2015. Diskusjonen vil først og fremst finne stad i FN-arbeidsgruppa om berekraftsmål, i FN-ekspertgruppa for berekraftig finansiering og i samband med førebuingane til den tredje internasjonale konferansen om finansiering for utvikling. Noreg har, saman med Guyana, ansvaret for å førebu finansieringskonferansen. Samtidig er innsatsen FN gjer for å nå dagens utviklingsmål, viktig. Statsminister Erna Solberg leier, saman med presidenten i Rwanda, pådrivargruppa for tusenårsmåla som er oppretta av FNs generalsekretær.

3.3 Generalforsamlingas 3. komité (menneskerettar, humanitære og sosiale spørsmål)

Noreg leide forhandlingane om tre resolusjonar: kvinnelege MR-forkjemparar, internt fordrivne og kvinnekonvensjonen. Resolusjonen om kvinnelige MR-forkjemparar var blant dei mest kontroversielle av alle dei nesten 70 resolusjonane som vart forhandla i 3. komité. Forhandlingane varte i seks veker, og det vart brukt store ressursar frå norsk side til å forhandle resolusjonen. Det var venta votering på mange punkt fram til siste stund som følgje av motstand frå Afrika-gruppa, fleire Golfstatar, Russland, Kina og andre asiatiske land. Resolusjonen enda likevel med konsensus. Dei vanskelegaste punkta gjaldt behovet for å revidere

nasjonal lovgjeving i samsvar med internasjonale forpliktingar, og punktet om at land ikkje skal kriminalisere eller stigmatisere kvinnelege MR-forkjemparar. Avsnitta om seksuell og reproduktiv helse og rettar var det ikkje konsensus om, og desse måtte takast ut. Det var første gong ein resolusjon om *kvinnelege* menneskerettsforkjemparar vart vedteken i Generalforsamlinga, og dette var såleis ein siger først og fremst for kvinnelege MR-forkjemparar – og for Noreg.

Den norsk-leidde resolusjonen om internt fordrivne personer vart styrkt på viktige område, mellom anna rolla utviklingsaktørar spelar i å bidra til varige løysingar, eit sterkare kjønnsperspektiv, både når det gjeld vern mot seksualisert vald og styrkt deltaking for kvinner, og ein ny paragraf om tilgang til utdanning for barn og vern av skular. Det vart teke inn ny tekst som framhevar behovet for data som er brotne ned på kjønn og alder, men ikkje andre variablar som gjeld bakgrunnen deira. Det vart òg teke inn ein konkret referanse til «Internal Displacement Monitoring Centre» (under Flykninghjelpen) og Joint IDP Profiling Service. Også i denne resolusjonen var diskusjonen om humanitær tilgang til krigs- og konfliktoner krevjande. Resolusjonen om kvinnekonvensjonen gjekk relativt lett gjennom, sidan delen som gjekk på finansielle behov til kommisjonen, vart trekt.

Noreg prioriterte vidare å vere aktiv i forhandlingane om resolusjonane om retten til privatliv (i lys av overvakningssakene den siste tida), rasisme, religionsfridom og dei landspesifikke resolusjonane om menneskerettssituasjonen i Iran, Myanmar, Nord-Korea og Syria, barns rettar, urfolksrettar, tryggleik for journalistar og fleire om kvinners rettar.

Sesjonen i år var prega av eit svært vanskeleg forhandlingsklima rundt sentrale menneskeretts-spørsmål som er viktige for Noreg. Dei mest kontroversielle resolusjonane dreidde seg om kvinners rettar, mellom anna seksuell og reproduktiv helse og rettar (SRHR), i tillegg til den norsk-leidde resolusjonen om kvinnelege MR-forkjemparar. Rettane til LHBT-personar er det framleis ikkje mogeleg å fremje i forhandlingane. Det var stor motstand frå den såkalla tverregionale gruppa, som er samansett av mellom andre Russland, Kina, Cuba, Syria, Iran, Pakistan, Venezuela, Nicaragua, Kviterussland, Jemen mfl. Denne gruppa har styrkt seg dei siste åra. Nytt av året var at Afrika-gruppa stod langt sterkare saman i politisk kontroversielle menneskerettssaker. Dei mest radikale i gruppa viste seg å ha størst innverknad på den felles posisjonen deira. Også i år

såg vi at Vatikanet og den kristen-konservative organisasjonen Family Watch International hadde stor påverknad.

Dessverre ser vi ein tendens til at land legg fram initiativ til nye resolusjonar både i Genève og New York eller kopierer tekst som er vedteken i Genève, og legg han fram i New York. Canada la til dømes fram ein resolusjon om barneekteskap begge stader i 2013, og teksten var så å seie den same. Dette skapar unødig dobbeltarbeid. I tillegg er mange av resolusjonane som vert lagde fram i 3. komité, blåkopiar av resolusjonar frå tidlegare år. Det er tydeleg behov for å sjå meir heilskapleg på arbeidsfordelinga mellom New York og Genève og arbeidsmetodane i 3. komité.

På neste generalforsamling (den 69. i rekka) vil resolusjonane om moratorium på dødsstraff og resolusjon om utanomrettslege avrettingar venteleg bli særskilt vanskelege, truleg også resolusjonen om barnebruder. Alle resolusjonar som omtaler seksuell og reproduktiv helse og rettar, vil òg vere utfordrande, og truleg vert det danna breiare alliansar som ønskjer sterkare referansar til tradisjonelle verdiar. Samtidig tek fleire og fleire medlemsland til orde for å fremje den første resolusjonen om rettane til LHBT-personar i generalforsamlinga, men vurderinga i kjernegruppa er at dette framleis er for tidleg.

Det er all grunn til å frykte ei endå sterkare polarisering i 3. komité i åra framover, noko som vil kunne ha negativ konsekvensar for universell oppslutning om grunnleggjande menneskerettsprinsipp. Dette vil i framtida gjere det endå vanskelegare å få vedteke tradisjonelle konsensusresolusjonar utan at det vert halde avstemming.

3.4 Generalforsamlingas 4. komité (særskilte politiske spørsmål)

Komiteén behandlar ei rekke spørsmål som tematisk er skilte frå kvarandre: palestinske flykningar, fredsbevaring, avkolonialisering, FNs politiske operasjonar, minetiltak, radiologisk stråling, fredeleg utnytting av ytre rom og FNs eksterne informasjonsformidling. Debatten om fredsbevaring bar preg av at det rår stor avstand blant medlemsland i spørsmål som bruk av ny teknologi (ubemannluftovervaking), meir effektiv drift av FNs fredsbevarande operasjonar, nye typar og meir robuste mandat og det stadig tilbakevendande spørsmålet om *tropperefusjonssatsane*. Samtidig var det semje om at det i inneverande periode var viktig å unngå reprise av den manglande

semja på 67-sesjonen om ein rapport frå FNs spesialkomité for fredsbevarande operasjonar. Rapporten er «instruksen» frå medlemslanda til FN-sekretariatet for arbeidet med utviklinga av dei fredsbevarande operasjonane. Palestina- og Midtausten-debatten og behandlinga av dei enkelte resolusjonane følgde eit velkjent mønster. Den prekære økonomiske situasjonen for FN-organisasjonen for palestinske flyktningar (UNRWA) vart omtalt av mange, men utan at dette førte til at organisasjonen vart tilført fleire midlar frå det regulære FN-budsjettet. I avkolonialiseringsspørsmålet knytte det seg ei viss spenning til behandlinga av spørsmålet om fransk Polynesia. Sluttproduktet vart eit konsensusvedtak, men den franske delegaten forlét salen. Nok ein gong var det sterke motsetningar mellom Marokko og mange afrikanske land i spørsmålet om Vest-Sahara. Det same gjaldt forholdet mellom Storbritannia og Argentina/Latin-Amerika om Falklandsøyane og mellom Storbritannia og Spania om Gibraltar.

Fleire tematiske resolusjonar, som det ytre rommet, den eksterne informasjonsformidlinga frå FN, radiologisk stråling og FNs minetiltak, vart vedtekne utan votering. Ei utfordring frå norsk side var å hindre at resolusjonen om minetiltak utvida ansvaret til minetiltakstenestene i FN-sekretariatet (UNMAS) på område der det ikkje har kompetanse eller mandat, noko vi lukkast med. Resolusjonen om dei politiske FN-operasjonane (SPM) vart vedteken utan votering, men i ei kraftig utvatna form. Her var ikkje berre dei fem faste medlemene av Tryggingsrådet vanskelege, men òg NAM-land som frykta at styrkt FN-innsats innanfor konfliktførebygging ville gå ut over nasjonal suverenitet.

For Noreg var det viktig å sikre at den toårige mineresolusjonen fekk ei akseptabel utforming, noko vi lukkast med. Noreg bidrog òg til å synleggjere dei finansielle utfordringane for UNRWA. Utfordringa framover blir likevel å sikre tilstrekkeleg og føreseieleg finansiering til denne organisasjonen. Resolusjonen om dei politiske FN-operasjonane kunne etter norsk syn ha vore sterkare, men her stod vi overfor sterke og artikulerte interesser frå både NAM og dei faste medlemene av Tryggingsrådet.

3.5 Generalforsamlingas 5. komité (budsjettspørsmål)

Det var på førehand venta at arbeidet i komitéen ville verte svært vanskeleg, sidan det regulære FN-budsjettet for perioden 2014–2015 skulle ved-

takast. Generalsekretären hadde på førehand føreslått ei budsjetttramme på 5,4 milliardar amerikanske dollar, noko som innebar ein reduksjon på 2,9 % i forhold til 2012–2013-budsjettet. Medan særleg EU og til dels USA og Japan gjekk inn for ytterlegare kutt, stritta G77 imot dei fleste kutta – og dette utgangspunktet skapte ein lite konstruktiv atmosfære i komitéen.

G77-land skulda seinare under sesjonen vestlege land for å svekkje det regulære budsjettet for så å støtte opp om sine eigne prioriteringar gjennom frivillige bidrag. Det er veksande mistru blant ein del utviklingsland, som er uroa for at FN er på veg til å verte ein meir gjevarstyrt organisasjon, der påverknadskrafta deira vil verte svekt. Til denne kritikken svarar ofte vestlege land at utviklingsland, og særleg framveksande økonomiar, er meir enn velkomne til å auke bidraga sine til FN. Særleg EU er oppteken av at framveksande økonomiar som Kina og Brasil bør auke dei finansielle bidraga sine til FN.

Sluttforhandlingane i komitéen kom seint i gang. For første gang kom komitéen ikkje i mål før jul, noko som kan skape ein svært uheldig presedens for seinare år. Først 27. desember kom komitéen fram til ei pakkeløysing som hadde ei budsjetttramme på 5,56 milliardar amerikanske dollar og medførte ein reduksjon på rundt 200 heimlar i FN-sekretariatet.

Den djupe usemja om det nye toårige FN-budsjettet skapte ein därleg atmosfære som smitta over på dei andre sakene som stod på dagsordenen til komitéen. Kort forklart kan vi seie at jo meir vestlege land fekk spart over det regulære budsjettet, jo mindre var utsiktene til å få vedteke nødvendige forvaltningsreformer i FN-sekretariatet og etablert nye innovative mekanismar. Dette førte til at behandlinga av to føreslalte reformtiltak vart utsette til neste år: opprettning av ei partnarskapseining (med privat sektor) og innføring av mobilitetsreforma som er lagd fram av generalsekretären (innføre ei form for flytteplikt for FN-tilsette)¹. Derimot var det gledeleg at det vart ei lita reverseiring av dei føreslalte kutta til finansiering av FN-innsatsen på menneskerettsområdet, noko Noreg jobba hardt for å forhindre.

Ei anna vanskeleg utfordring var arbeidet med å gjere FN-sekretariatet betre rusta til å yte tenester til FNs politiske sendelag (SPM), der Noreg leidde forhandlingane. Desse sendelaga har i hovudsaka mandata sine frå vedtak i Tryggingsrådet, men er ikkje finansierte på same måten som

¹ Etter nesten to år med forhandlingar vart det 24. mars 2014 oppnådd semje om mobilitetsreform for FN-tilsette.

FNs fredsbevarande operasjonar (som har eit eige eittårig budsjett der dei fem faste medlemene av Rådet tek ein større del av rekninga). Medan dei fem faste held fast ved dagens praksis, ønskjer eit stort fleirtal av medlemslanda å gå i retning av ei sidestilling mellom dei fredsbevarande operasjonane og dei politiske sendelaga. Enkelte land i sør, og då særleg Singapore og Brasil, har vore så tydelege på dette punktet at dei blokkerte alle skritt i retning av å gjere det enklare for FN-sekretariatet å trekke på finansielle og materielle ressursar når politiske sendelag skulle startast opp og driftast. Denne «alt eller ingenting»-haldninga sette dermed bom for nødvendige og praktiske reformgrep. På den positive sida lét det seg relativt raskt gjere å verte samde om dei individuelle SPM-budsjetta.

Arbeidet i 5. komité er polarisert og krevjande. Det er stor avstand og mykje mistru mellom vestlege land på den eine sida og utviklingslanda på den andre sida. Framover vil derfor Noreg forsøkje å spele ei brubyggarrolle mellom desse to partane. Ei anna hovudprioritering framover vil vere å forsøkje å unngå at 5. komité mikrostyrer FN. Ein del medlemsland utnyttar den store innverknaden som 5. komité har, til å detaljstyre organisasjonen. Noreg meiner heller at medlemslanda bør gje meir overordna strategisk styring i 5. komité, og at generalsekretæren bør ha eit visst handlingsrom til å styre organisasjonen.

3.6 Generalforsamlingas 6. komité (rettslege spørsmål)

Komitén vedtek eit tjuetals resolusjonar ved konsensus kvart år. Medlemslanda er difor noko tilbakehaldne med å legge fram kontroversielle forslag, sidan det ikkje er tradisjon for å gjennomføre avstemmingar.

Like fullt avdekte debatten i komitéen ulike posisjonar blant medlemslanda i fleire viktige spørsmål. Eit av dei er knytt til rapporten frå Folkerettskommisjonen og oppfølginga av allereie vedtekne utkast til artiklar. Usemjå knyter seg til om det skal startast konvensjonsforhandlingar på grunnlag av artiklane. Dette gjaldt spesielt artiklane om statsansvar og om diplomatisk vern som har stått på dagsordenen i ei årrekke.

Utanom behandlinga av rapporten frå Folkerettskommisjonen såg vi nok ein gong sprikande posisjonar i spørsmål knytte til mellom anna universaljurisdiksjon, fremjing av rettsstatsprinsipp («Rule of Law») og tiltak for å kjempe mot internasjonal terrorisme. Temaet universaljurisdiksjon går på om ein stat skal ha høve til å straffeforfølgje utlendingar for handlingar som er utførte i utlandet. Noreg har vært oppteken av at debatten i generalforsamlinga ikkje skal undergrave kampen mot straffridom for alvorlege brotsverk. Debatten vart sett på spissen i spørsmålet om temaet skulle oversendast til Folkerettskommisjonen, eller om behandlinga skulle halde fram i komitéen. Sveits la fram eit resolusjonsforslag om ei slik overføring av temaet til Folkerettskommisjonen, men møtte motstand frå alle dei faste medlemene av Tryggingsrådet, rett nok med ulik grunngjeving.

EU la fram forslag til tekst som knytte seg til oppfølging av høgnivåmøtet i 2012 om fremjing av rettsstatsprinsipp, der mellom anna den breie konsultasjonsprosessen Generalsekretæren har lansert, som inkluderer sivilt samfunn, vart helst velkommen. Russland, som tok til orde for at medlemsstatane er dei viktigaste partnarane i denne konsultasjonsprosessen, gav uttrykk for at prosessen ikkje hadde vore tilstrekkeleg open. Det vart ikkje semje om korleis oppfølginga av høgnivåmøtet skulle omtalast, og det vart berre gjort ei teknisk oppdatering av resolusjonen.

Det var dessverre heller ikkje framgang i arbeidet med å ferdigstille den heilskaplege konvensjonen for kamp mot internasjonal terrorisme, som har stått på dagsordenen i over ti år. Sluttresultatet frå komitéen var dermed vedtak av resolusjonar som året før.

Alt i alt må vi kunne seie at det var ein nokså føreseieleg sesjon som fann stad i 6. komité. Dei same synspunkta, motsetningsforholda og fastlåste posisjonane som tidlegare gjorde seg gjeldande. Det var kanskje endå mindre framdrift enn ein kunne vente, sidan då også resolusjonen om fremjing av rettsstatsprinsipp berre vart oppdatert reint teknisk. Det er dessverre ingen grunn til å vente at arbeidet i komitéen vil verte meir dynamisk under neste sesjon.

4 Tryggingsrådet

Syria-konflikten dominerte på dagsordenen i Tryggingsrådet hausten 2013, med den samrøystes vedtakinga av resolusjon 2118 om destruksjon av dei syriske kjemiske våpna som det mest handfaste resultatet. Behandlinga av Syria følgde tre hovudspor: i) den politiske prosessen med vekt på førebuingane til Genève II, ii) det humanitære sporet med vedtaking av ei presidentfråsegn (PRST) i kjølvatnet av resolusjon 2118, tillegg til oppfølginga av denne resolusjonen, og iii) kjemiske våpen.

For første gong kunne Tryggingsrådet samle seg om ein Syria-resolusjon som viste til kapittel VII av FN-pakta. Det var òg illustrerande for arbeidsforma til Tryggingsrådet at denne resolusjonen vart framforhandla av dei fem faste medlemene, og at dei valde medlemene først vart trekte inn då alt var klappa og klart. Resolusjonen framheva kor viktig det er å få løyst krisa i landet politisk og å få kalla saman til ein ny Genève-konferanse så snart som mogeleg. Trass i semja om å få fjerna dei kjemiske våpna i Syria og få landet med i kjemivåpenkonvensjonen rådde det likevel ikkje semje i Rådet om kven som faktisk hadde brukt dei kjemiske stridsmidla. Dette var tydeleg då rapporten frå FN-inspektøren (Åke Sellström) vart lagd fram rett før jul 2013. Medan vestlege land las rapporten som ei endeleg stadfesting av at det syriske regimet var ansvarleg, hadde russarane ei heilt anna tolking. Trass i denne djupe usemjast stod medlemene samla om å opprette ein felles operasjon saman med Organisasjonen for forbod mot kjemiske våpen (OPCW) i gjennomføringa av resolusjon 2118. Den humanitære situasjonen i Syria har òg vore debattert i rådet. Det lukkast ikkje å verte einige om ein resolusjon, men 2. oktober vart det semje om ei presidentfråsegn som dessverre ikkje førte til endringar på bakken i Syria¹.

Motsetningane mellom USA og Russland gjorde seg også gjeldande i Sudan-/Sør-Sudan-spørsmålet, og dette hindra lenge FN i å gje

sterke føringar til forhandlingsprosessen mellom desse to landa, og då ikkje minst i Abyei-spørsmålet. Vidare kunne heller ikkje Rådet samle seg om å stille krav om humanitær tilgang til Blånilen og Sør-Kordofan. Mot slutten av året vart motsetninga mellom Sudan og Sør-Sudan overskygd av uroa og kamphandlingane i Sør-Sudan, og her kunne Tryggingsrådet langt lettare samle seg om å svare på den nye krisa. Dette kom til uttrykk gjennom vedtakinga av resolusjon 2132 om styrking av FN-operasjonen i Sør-Sudan (UNMISS).

Medan krisa i Sør-Sudan kom uventa på Tryggingsrådet, kan ikkje det same seiast om den dramatisk forverra situasjonen i Den sentralafrikanske republikken (SAR). Dette var ei varsle krise der Tryggingsrådet lét vere å ta nødvendige førebyggjande grep i tide. SAR-erfaringa vart kort etter brukt som argument av Generalsekretæren for at det nye initiativet (Rights Up Front) var heilt nødvendig, eit initiativ der evna FN har til å førebyggje konfliktar, utgjer ein viktig dimensjon.

Vedtakinga av resolusjon 2122 om kvinner, fred og tryggleik var eit positivt bidrag frå Tryggingsrådet hausten 2013. Denne resolusjonen understreka verdien av å trekke kvinner langt sterkare med – på alle nivå – i fredsprosessar og fredsbygging. Resolusjonen var òg tydeleg når det gjaldt kampen mot seksualisert vald. Resolusjonen stiller konkrete krav til FN-systemet om meir systematisk rapportering og styrkt deltaking for kvinner i fredsprosessar. Utfordringa er å bruke denne resolusjonen aktivt framover, og det er positivt å merkje seg at generalsekretær Ban framheva verdien av at kvinner deltok i oppkøyringa til Genève II (Syria). Vern av sivile har òg stått på dagsordenen, utan at dette har leidd til nye resolusjonar eller presidentfråsegner i denne omgangen. Tryggingsrådet vedtok under den australiske presidentskapen i september ein resolusjon om forsterka innsats i kampen mot ulovleg omsetjing av handvåpen. Denne resolusjonen framheva kor viktig ATT er, og Noreg teikna seg som medforslagsstillar. ATT-referansen var ei av årsakene til at Russland valde å avstå på denne resolusjonen.

¹ Tryggingsrådet vedtok samrøystes 22. februar 2014 ein resolusjon om den humanitære situasjonen i Syria (SC/RES2139 (2014)).

Spørsmålet om forholdet mellom Tryggingsrådet og Den internasjonale straffedomstolen (ICC) vart i november sett på spissen, då den afrikanske gruppa prøvde å få til eit vedtak om utsetjing av straffesakene mot presidenten og visepresidenten i Kenya. Allereie under generaldebatten hadde fleire afrikanske land flagga misnøye med ICC, og i Rådet fekk den afrikanske gruppa støtte av land som ikkje var part i Roma-vedtekten om ICC, med USA som eit viktig unntak. Det afrikanske

resolusjonsutkastet fall då det ikkje oppnådde tilstrekkeleg fleirtal. Syria-spørsmålet sette sitt preg på dei regulære Midtausten-debattane. Fredsprosessen mellom Israel og Palestina gjekk att i desse debattane, utan at dette leidde til nye initiativ. Dette må tilskrivast dei pågående USA-leidde forhandlingane mellom partane. Ein viktig bodskap frå FN-sekretariatet var likevel at tida for ei berekraftig tostatsløysing var i ferd med å renne ut.

5 Styrking av FN, reform og aktørar

Hausten 2013 viste at grunnleggjande reformer av FN sit langt inne hjå ei rekke medlemsland. Det var inga rørsle i spørsmålet om utviding av Tryggingsrådet. Presidenten for 68. sesjon av generalforsamlinga, ambassadør John Ashe (Antigua og Barbuda), prøvde ein ny vri ved å utnemne ei rådgjevande gruppe av utvalde FN-ambassadørar, men dette framlegget møtte hardnakka motstand frå land som motset seg utviding av Rådet med faste medlemer (UFC). Den positive nyheita var at det er ei viss rørsle i spørsmålet om arbeidsmetodane til Tryggingsrådet. Under den argentinske presidentskapen vart det i august 2013 semje om ei erklæring om større openheit. Det høyrer vidare med til biletet at den tverregionale gruppa ACT (som arbeider for eit opnare og meir pålitelag råd) byrjar å få framgang i arbeidet.

Valet av nye ikkje-faste medlemmer til Tryggingsrådet i haust skulle i utgangspunktet ha vore udramatisk, då det ikkje var konkurranse i nokre av dei regionale gruppene som skulle velje nye medlemer av Rådet. Vala vart gjennomførde utan store overraskinger, men bomba kom då Saudi-Arabia (nyvald frå Asia-gruppa) trekte seg kort tid etter. Grunnen til at dei ikkje ville gå inn i Tryggingsrådet, var at FN hadde feila i både Syria og overfor Palestina. Mange oppfatta det saudiara-biske avslaget som kritikk av USA. Det heile enda med at Jordan kort tid etter vart valt inn til Tryggingsrådet og allereie 1. januar 2014 overtok som president. Det var opploftande at Litauen kom inn i Tryggingsrådet og har bede dei nordiske og baltiske landa om praktisk bistand i medlemskapsperioden. Dette vil kunne gje ein ny giv i det nordiske-baltiske samarbeidet.

Det er framleis store behov for effektivisering av utviklingsaktivitetane til FN. Støtta til FN-reform på landnivå vart stadfesta resolusjonen frå 2. komité om utviklingsaktivitetane til FN.

Erfaringane med den ordinære sesjonen av generalforsamlinga i haust, som vart avslutta på overtid, aktualiserer spørsmålet om arbeidsmetodane. I fleire år har det vore ei ad hoc-gruppe som har arbeidd med spørsmålet om revitalisering av Generalforsamlinga, men utan å vere i stand til å føresla store endringar. Under avsluttingssesjo-

nen flagga president Ashe behovet for å gjere noko med arbeidsmetodane, og han hadde nok først og fremst 5. komité i tankane. Likevel høyrer det med til biletet at også 2. komité trengte meir tid enn dei var tilmalte på førehand. Med unntak av 6. komité rakk dei andre så vidt å halde den tilmalte tida for sesjonen. Det er eit openbert behov for å gå kritisk gjennom arbeidsmetodane i komitéane, både når det gjeld organisering av debattane, og med tanke på talet på resolusjonar som vert behandla.

Eit grunnleggjande problem for Generalforsamlinga og dei underliggjande organa er likevel at det vert stadig vanskelegare å kome fram til konsensusløysingar. Dette gjer seg spesielt gjeldande dersom mange medlemsland er engasjerte i konkrete tekstforhandlingar. Eit kompliserande moment er dei rigide gruppesystema, som i stor grad vert misbrukte av dei mest ytterleggåande aktørane. Normalt har land som Iran, Cuba, Venezuela, Nicaragua og Syria leidd an i denne krinsen, men i haust opplevde vi i fleire sammenhengar at såkalla moderate NAM/G77-land som Indonesia, Singapore, Brasil og afrikanske land opptrødde nokså uforsoneleg.

I tillegg til ein kompliserande gruppedykkim er det eit faktum at Russland fører ein langt meir sjølvhevdande profil, og landet har vore tydeleg negativt til fleire forslag om å reformere FN-systemet. Russland har vore negativt til mobilitetsreform, partnarskapseining, tiltak for å auke openheit i Tryggingsrådet og for å trekke sivilt samfunn meir aktivt inn i mellomstatlege forhandlingsprosessar. Russland har her ofte spelt på lag med G77/NAM. Dette bidrog klart til polarisering, men det hjelpte heller ikkje at EU og til dels USA køyrt hardt på innsparingslinja i forhandlingane om det regulære FN-budsjetten.

At det rår ulike tilnærmingar og synspunkt blant FN-medlemslanda, er ikkje noko nytt. Vi har òg i tidlegare år erfart periodar med polarisering. På sikt er det likevel uheldig for FN som institusjon om det vert vanskelegare å kome fram til samlande løysingar. Dette er ikkje minst viktig når vi nærmar oss tidspunktet for å samlast om ein ny utviklingsdagsorden for perioden etter 2015.

Noregs deltaking i den 68. ordinære generalforsamlinga i Dei sameinte nasjonane (FN) og vidareførte sesjonar av den 67. generalforsamlinga i FN

Utanriksdepartementet

tilrådning :

Tilråding frå Utanriksdepartementet 23. mai 2014 om Noregs deltaking i den 68. ordinære generalforsamlinga i Dei sameinte nasjonane (FN) og vidareførte sesjonar av den 67. generalforsamlinga i FN vert send Stortinget.

Vedlegg 1

Noregs prioriteringar til FNs 68. generalforsamling

FNs 68. generalforsamling vert innleidd med høgnivåveka 23.–28. september 2013. Den norske delegasjonen vert leidd av statsministeren og omfattar fleire regjeringsmedlemer.

Sentrale programposter er spesialarrangementet om tusenårsmåla, høgnivåmøtet om nedsett funksjonsevne og utvikling i tillegg til Trygve Lie-symposiet, der hatkriminalitet og hatefulle ytringar er tema. Det skal òg haldast eit høgnivåmøte om kjernefysisk nedrusting og ein høgnivådialog om migrasjon og utvikling.

Menneskerettar, rettferdig fordeling og kvinners rettar og likestilling er tverrgåande omsyn. Noreg vil leggje vekt på under generalforsamlinga i haust. Noreg vil framleis vere ein pådrivar for modernisering og effektivisering av FN, og for at organisasjonen skal styrke rolla si som varetakar av fred og tryggleik, internasjonal lov og rett, menneskerettar, humanitære prinsipp og berekraftig utvikling. Vi vil mellom anna ha leiande roller i arbeidet med resolusjonane om menneskerettsforsvararar, om internt fordrivne og om kvinnekonvensjonen.

FNs generalforsamling er den største og viktigaste internasjonale møteplassen i verda, og den norske delegasjonen vil ha ei lang rekke bilaterale og multilaterale møte innanfor ramma av høgnivåveka, mellom anna eit møte i gjevarlandsgruppa for palestiniarane (AHLC).

Overordna prioriteringar for Noregs deltaking

Dei overordna prioriteringane frå regjeringa for Noregs arbeid i FN er nedfelte i regjerings- og stortingsdokument, særleg den politiske plattforma for fleirtalsregjeringa 2009–2013, og i dei nyleg lanserte stortingsmeldingane om norsk FN-politikk (Meld. St. 33 (2011–2012)) og rettferdig fordeling (Meld. St. 25 (2012–2013)).

Fred og tryggleik

Vi vil vidareføre engasjementet for å styrke evna i FN til å førebygge og løyse væpna konfliktar og til å fremje langsiktig fredsutvikling gjennom FN-leide operasjonar. Kjønnsperspektivet skal vere

tydeleg i norsk fredsarbeid, og det skal leggjast vekt på kvinners deltaking i fredsmekling og konsolidering av fredsprosessar. Noreg skal vidareføre engasjementet for å fremje resolusjonane frå Tryggingsrådet og tematiske debattar om kvinner, fred og tryggleik, seksualisert vald, barn i væpna konflikt og vern av sivile i væpna konflikt, i tillegg til engasjementet for ansvaret for å beskytte («Responsibility to Protect», R2P).

Responsen frå FN på situasjonen i Mali, Somalia, Sudan, Sør-Sudan og Syria skal prioriterast. Noreg vil framleis sondere terrenget etter moglege idear som kan bidra til å reformere samansetjinga av Tryggingsrådet. Samtidig skal vi arbeide for eit meir ope og effektivt tryggingsråd, mellom anna gjennom å delta i ei FN-gruppe (ACT) som jobbar for å betre arbeidsmetodane i rådet. Vi har teke eit særleg ansvar for å følgje opp innsatsen rådet gjer innanfor førebyggjande diplomati.

Noreg vil halde fram med å arbeide for å gjere FNs fredsbyggingskommisjon meir relevant for det som skjer på landnivå. Vi vil vidareføre engasjementet for ny dynamikk i det mellomstatlege nedrustingsmaskineriet i FN med særskilt vekt på å motverke dei humanitære skadeverknadene av visse typar våpen. Mellom anna vil vi følgje opp Oslo-konferansen om humanitære konsekvensar av atomvåpen, eit spørsmål som vil bli fronta av Noreg under høgnivåmøtet om kjernefysisk nedrusting, i tillegg til støtta til gjennomføring av handlingsprogrammet som vart vedteke på tilsynskonferansen for avtalen om ikkje-spreiing av atomvåpen (NTP) i 2010. Det er Noregs ønske og mål at ikkje-spreiingsavtalen, som har full avskafing av kjernevåpen som overordna målsetjing, skal vidareførast. Noreg skal også arbeide for gjennomføring av den nye internasjonale avtalen om våpenhandel («Arms Trade Treaty», ATT).

Noreg skal støtte opp om initiativ for å effektivisere FNs fredsoperasjonar, der bidragsytarar frå det militære, politiet og sivilsamfunnsorganisasjonar utfyller kvarandre. Vi vil fremje tidleg fredsutvikling som ein integrert del av fredsoperasjonar, med særleg vekt på reform av tryggingssektoren og utvikling av rettsstaten i land som har vore ramma av konflikt. Vidare vil vi framheve kor

viktig det er at FN møter tryggingsutfordringar som grenseoverskridande kriminalitet, terrorisme og sjørøving på ein heilskapleg måte.

FNs utviklingsaktivitetar, berekraftig utvikling, tusenårs måla og nye globale utviklingsmål

I kraft av å vere ein stor bidragsytar til FNs utviklingsaktivitetar vil Noreg arbeide for at FN skal få ei meir heilskapleg tilnærming til utvikling på landnivå og i større grad vert sett i stand til å levere resultat og dokumentere oppnådd effekt. Vi skal framleis gje tydelege signal om forventningane og krava vi har til utviklingsorganisasjonane i FN. Mellom anna må FN-innsatsen på landnivå samordnast betre gjennom robuste system og kompetent leiing («Eitt FN»-modellen).

Noreg skal vere ein pådrivar for å sikre at alle tusenårs måla vert nådde innan 2015. Samtidig skal vi framleis arbeide aktivt med utfordringane som følger av klimaendringane, og med behovet for god forvaltning av naturressursar. Det er viktig at FN og medlemslanda gjev si klare støtte til fornya innsats for å nå tusenårs måla, samtidig som dei ser framover mot eit nytt sett globale utviklingsmål etter 2015 der berekraftig utvikling og menneskerettar er gjennomgående omsyn. Vi vil gjere ein særskilt innsats for rettferdig fordeling og reduserte forskjellar, kvinners rettar og likestilling, global helse, klimavennleg energi og tilgang til energi. Reduksjon av barnedødstal og fremjing av mødrehelse, i tillegg til seksuell og reproduktiv helse og rettar, vil framleis vere norske satsingsområde, på same måten som universell tilgang til helsetenester. Noreg vil ha fokus på kampen mot fattigdom og sårbare grupper. Personar med nedsett funksjonsevne skal gjevast særskilt merksemd. Vi vil legge spesiell vekt på initiativet frå Generalsekretæren om berekraftig energi til alle, ikkje minst gjennom FN-tiåret som er tilteigna dette temaet (2014–2024). Gode oppfølgings- og etterlevingsmekanismar for dei nye utviklingsmåla vil vere viktig.

Oppfølginga av FN-konferansen om berekraftig utvikling (Rio +20) er ein sentral del av arbeidet med nye globale utviklingsmål. Noreg tek sikte på at arbeidet med berekraftsmål, som finn stad i den opne arbeidsgruppa for berekraftsmål (OWG), skal samordnast med det andre arbeidet, og at dei nye utviklingsmåla skal ivareta vedtaket frå Rio om at måla skal gjelde alle land. Noreg vil vidare bidra aktivt til at det vert utvikla nye mål som kvar for seg speglar dei tre dimensjonane ved berekraftig utvikling (miljø, økonomisk utvikling og sosial utvikling). Noreg vil også arbeide for at

FNs nye høgnivåforum for berekraftig utvikling, som etter planen skal møtast for første gong i september 2013, vert eit viktig instrument for å oppnå berekraftig utvikling.

Kvinners rettar og likestilling

Kvinners rettar og likestilling er ei norsk merkesak. Noreg held fram som styremedlem i UN Women og er ein av dei største økonomiske bidragsytarane. Noreg skal støtte opp om UN Women med ei normgjevande rolle internasjonalt, samtidig som likestilling også må integrerast i utviklingsarbeidet til fonda, programma og særorganisasjonane i FN. Sjølv om likestilling er eit mål i seg sjølv, må dei makroøkonomiske fordelane framhevest. Ovgrep mot kvinner, kvinners rett til reproduktiv helse og avkriminalisering av abort vil stå sentralt i arbeidet. I FN-fora er det auka press mot kvinnernas rettar og likestilling, særleg mot seksuell og reproduktiv helse og rettar (SRHR). Noreg vil derfor arbeide systematisk med denne utfordringa, mellom anna ved å byggje nye alliansar. Politisk og økonomisk deltaking og makt for kvinner skal prioriterast.

Humanitære spørsmål

Noreg skal arbeide for at dei humanitære prinsippa vert oppretthaldne, og for at internasjonal humanitarrett vert respektert, slik at sivile vert verna og humanitære aktørar har uhindra tilgang til folkegrupper i nød. Merksemda må i sterkare grad rettast mot ansvaret landa sjølve har for å førebyggje og handtere humanitære kriser, og Noreg vil arbeide for at kontoret for samordning av FNs humanitære verksemd (Ocha) og det humanitære FN-systemet får ein breiare krins av støttespelarar og samarbeidspartnarar blant medlemslanda i FN, blant regionale organisasjonar og i privat sektor. Samtidig vil Noreg framleis vere ein av dei nærmaste samarbeidspartnarane og støttespelarane til FN i humanitære kriser. Vi vil fortsette å stille krav til effektivisering av Ocha og det internasjonale humanitære systemet og til at det humanitære toppmøtet i 2015 skal bidra til ein meir effektiv og inkluderande humanitær innsats.

Menneskerettar

Noreg skal leie forhandlingane om resolusjonen om menneskerettsforsvararar og vil arbeide for ein substansielt styrkt resolusjon, med god oppslutning som mål. Noreg skal også leie arbeidet med resolusjonen om internt fordrivne.

Under generalforsamlinga i haust skal Noreg arbeide for at resolusjonen om menneskerettssituasjonen i Iran får auka oppslutning, og for ei konstruktiv handtering av den tradisjonelle landresolusjonen om Myanmar, sett i lys av den politiske utviklinga. Vi skal vidareføre engasjementet for resolusjonar som kastar lys over menneskerettssituasjonen i Syria og Nord-Korea. Vidare skal vi vere ein aktiv støttespelar for den danske resolusjonen om kamp mot tortur og for den mexicanske resolusjonen om vern av menneskerettane i kampen mot terrorisme. Saman med nordiske land skal Noreg følgje opp arbeidet FN gjer med å styrke traktatorgana for menneskerettskonvensjonane.

Avhengig av konklusjonane frå den mellomstatlege prosessen om styrking av traktatorgana skal Noreg arbeide for at dei nordiske resolusjonane om traktatorgana for menneskerettskonvensjonane om kvinnens rettar (Cedaw), om sivile og politiske rettar og om økonomiske, sosiale og kulturelle rettar vert vedtekne ved konsensus. Dersom alle resolusjonane om traktatorgana vert slått saman til ein resolusjon, skal Noreg delta aktivt i forhandlingane om denne. Dersom resolusjonane ver vidareførte kvar for seg, skal Noreg (som del av den nordiske rotasjonen) leie arbeidet med Cedaw-resolusjonen, og vi vil òg støtte Finland i arbeidet med resolusjonen om konvensjonane om sivile og politiske rettar og om økonomiske, sosiale og kulturelle rettar. Arbeidet for å fremje ytringsfridom og kjempe mot religiøs intoleranse, rasisme og hatefulle ytringar vil ha høg prioritet, og Noreg vil vere aktive i forhandlingar om resolusjonar om dette temaet. Hatkriminalitet og hatefulle ytringar mot minoritarer er i tillegg temaet for Trygve Lie-symposiet i år.

Noreg speler ei leiande rolle i kjernegruppa som fremjar rettane til lesbiske, homofile, bifile og transpersonar (LGBT), og dette skal vidareførast. Den norske delegasjonen skal delta aktivt i relevante kvinne- og likestillingsrelaterte resolusjonar. Noreg vil prioritere interaktive dialogar med spesialrepresentantar frå FN og kjempe mot forsøk på å avgrense sjølvstendet og integriteten deira.

Noreg skal delta aktivt under forhandlingar om urfolksspørsmål fram mot verdskonferansen om urfolk i 2014. Vi vil òg arbeide for at urfolk vert representerte i prosessen fram mot og under konferansen. Vidare skal vi arbeide for å sikre at sivilt samfunn deltek i FN-prosesser.

FN-leiinga og budsjettet

Noreg vil styrke arbeidet for eit moderne og resultatorientert FN. Dette krev reformgrep og effektivisering internt i organisasjonen, samtidig som FN må synleggjere meirverdien sin i form av oppnådde resultat. Noreg støttar femårsprogrammet for den andre perioden til generalsekretæren. Vi vil framleis arbeide for betre samordning av FN-innsatsen på landnivå og for betre vern av FN-personell. Kjerneressursane til FN og det administrative oppsettet må stå i forhold til mandatet organisasjonen er sett til å vareta. Kjernebudsjettet er under kraftig press frå dei største bidragsytarane. Strenge krav om innsparing og effektivitet er utfordrande å gjennomføre så lenge generalforsamlinga er oppteken av å detaljstyre og motarbeider mange forslag til reform.

Noreg skal opptre konstruktivt og kritisk overfor ressursbruken i FN med sikte på meir resultatbasert leiing, auka evne til å dokumentere oppnådde resultat og gode rapporteringsrutinar. Vi skal arbeide for at FN framleis fremjar tiltak mot økonomisk utruskap, sikrar ein kultur for ansvarskjensle og styrker innsatsen for tilsyn og kontroll. Vi skal vidareføre det aktive engasjementet for betre FN-leiing på landnivå, i form av konsultasjonsprosessar, forhandlingar og utstrekkt dialog med sentrale utviklingsland, gjennom arbeidet med tilrådingane frå FN-reformpanelet, integrerte fredssoperasjonar og den humanitære endringsagendaen og gjennom arbeidet for ei styrkt inkludering av sivilt samfunn og privat sektor.

Fremjing av lov og rett

